

Ettertanke: Veit vi no meir om utfordringane?

Peder Haug, professor HVO

Innlegg på konferansen «Utdanningen av lærere - erfaringer og utfordringer»
Senter for profesjonsstudier, Høgskolen i Oslo 25. august 2008

Forskinga er sterkast når ho analyserer fenomena slik dei er. Den har langt større vanskar med å fortelje korleis dei burde vere, eller kva ein skal gjere for å få tilhøva slik ein ønskjer å ha dei. Mi interesse her er mest det normative, å gje uttrykk for kva som skal til for å skape ei perfekt lærarutdanning, men eg må innrømme at det vi i dag veit om dette sannsynlegvis ikkje er tilstrekkeleg. Difor vil eg også kommentere det forskingsmessige, kva skulle vi ha visst meir om. Eg tek opp tre tema med inspirasjon frå innlegga : kompleksiteten i utdanninga, ”den svarte boksen” og omgrepsbruken. Eit særpreg for innhaldet i det eg seier, er det at ikkje heng saman. Eg kan finne motsette forklaringar på fleire fenomen, og det er eit uttrykk både for kompleksiteten og for eit behov for å vite og forstå meir.

Kompleksiteten

Det dei presenterte studiane syner, til liks med mykje anna forskning om lærarutdanning, er at lærarutdanning er samansett, kompleks og dermed vanskeleg. Samstundes, fordi ein har høve til å samanlikne lærarutdanninga med andre utdanningar kjem det fram at fleire profesjonsutdanningar kan karakteriserast på same måten. Det kan kanskje seiast at lærarutdanninga meir utsett enn andre utdanningar, men eg er ikkje sikker på et. Eg tek det opp seinare.

Såpass samansett er oppgåva å skulle kvalifisere for læraryrket, at det kanskje er ei umogleg oppgåve. Eg trur ikkje at det er uråd, men meiner at Sissel Østrem (2008) i tittelen på doktoravhandlinga si likevel set fingeren på noko vesentleg: ”En umulig utdanning for et umulig yrke” (Roskilde: Forskerskolen i livslang læring, Roskilde Universitetscenter.)

Å vere oppteken av bakgrunnen for kompleksiteten i kvalifiseringa er difor svært sentralt både når ein skal forstå utdanninga, og når ein skal praktisk gjennomføre ho. Strukturane i lærarutdanninga, altså lovene, ordningane, planane, opptakskrava, organiseringa osv. har blitt endra ganske mykje og kanskje panisk i løpet av dei siste 15 åra. Og det er gjort utan systematisk oppfølging og kontroll. Difor veit vi skrekkeleg lite om korleis dei ulike elementa har fungert til saman og kvar for seg. Difor står vi også i villreie når vi skal forklare kva desse endringane har ført til for resultatata eller tilstanden i lærarutdanninga. Det er mange strukturelle forhold ta tak i, og som kan forklare både det som skjer i utdanninga og resultatata ein når.

Det er for det første all grunn til å stogge opp ved at den skulen som vi utdannar lærarar for har vorte ein svært krevjande og utfordrande arbeidsplass dei seinare åra. Det gjeld både dei skulefaglege og dei pedagogiske sidene ved yrket. Om vi samanliknar oppgåva i skulen for 40 år sidan (og det kan eg gjere, for då var eg lærarstudent), er krava som ein lærar skal oppfylle i dag til dels andre og større enn dei som låg til yrket tidlegare. Forventingane til kva skulen skal makte er etter kvart vorte særst omfattande i eit samfunn som har endra seg mykje over tid. Stikkord for dette kan vere auka krav til faglege prestasjonar hos elevane, auka pluralisme og multikulturalitet og auka vekt på individualisme og fridom. Vi står dessutan midt oppe i ei kraftig ideologisk endring i synet på kva som er god undervisning. Kanskje er det ei utfordring å starte diskusjonen om slike tilhøve vil krevje at ein endrar på sentrale føresetnader for arbeidet i skulen. Ei av dei aller største utfordringane i grunnskulen er den store spreinga mellom elevane. Store forventingar om omfattande læring på høgt nivå vil vere uoppnåeleg for ein relativt stor del av elevmassen. Erfaringane med store fråfall i vidaregåande skule skræmer, og kan delvis forklarast med det som har gått føre seg i grunnskulen. Der skal desse utfordringane møtast med tilpassa opplæring, spørsmålet er om det er tilstrekkeleg. Alternativet er å gje opningar for formell eller organisatorisk differensiering også i grunnskulen om ein skal halde på ambisjonane.

På same viset som ein kan drøfte om forventningane til det som skal skje i skulen er urealistiske, kan ein også stille spørsmålet om forventningane som er lagt til grunn for allmennlærerutdanninga signaliserer realistiske eller nødvendige forventningar. Det vil eit stykke på veg vere eit spørsmål kva som er praktisk mogleg å få til innanfor rimelege rammer. Presentasjonane på seminaret har vore innom nokre slike moment. Erfaringane med den nye avtalen om praksisopplæring i praksisskular er eit godt døme på at det er praktiske rammer og grenser som er vanskelege å kome over, og om ein skal få det til kan det koste svært mykje. Studien av sambandet mellom inntakskaraktarar, gjennomføringsgrad og resultat er eit anna døme på det same. Det rører ved det heilt grunnleggjande spørsmålet om alle uavhengig av føresetnader skal kunne ta høgare utdanning.

Presentasjonane viser også at fragmenteringa i utdanninga er omfattande, og at studentane ikkje ser samanhengar korkje mellom faga i studiet eller mellom faga og praksisopplæringa. Ein kan spørje om det også kan henge saman med omorganiseringa av høgare utdanning i

1994 der lærarhøgskulane vart lagde ned, og seinare kanskje med kvalitetsreforma og den enorme oppdelinga av fag og emne i bitte små einingar ned til 2-3 studiepoeng. Medan ei god, samanhengande, praksisorientert og profesjonsretta utdanning sannsynlegvis krev det som i Kunnskapsløftet er kalla sterke kollektive kulturar, har høgskulereforma og kvalitetsreforma ført til at lærarutdanninga har vorte til svake, fragmenterte og isolerte kulturar der utdanninga mange stader er delt mellom mange avdelingar eller fakultet. Sjølv om mangelen på indre samanheng, manglande relasjon mellom teori og praksis og manglande samarbeid alltid har vore ein kritikk av denne utdanninga, er det grunn til å tru at reformene i høgare utdanning kan ha forsterka desse trekka ganske mykje.

Det kan også stillast spørsmålsteikn ved rekrutteringa av personale til utdanninga. I dag er det ikkje krav om særlege kvalifikasjonar for å arbeide i lærarutdanninga, bortsett frå eksamenar og kompetanse på høgare nivå. Kva dette har å seie for utdanninga er uvisst, men høgst interessant. Grunnen er at utdanninga blir møteplass for mange ulike fagtradisjonar. Det kunne ein ha trudd ville gje fruktbare meningsutvekslingar og rike vilkår for utvikling. Men også det motsette kan tenkjast, at det fører til at kvar held på sitt.

Ved svært mange av utdanningane er det fleirbruk av dei tilsette. Dei underviser ikkje berre i allmennlærerutdanninga, dei underviser ved mange andre studium som ikkje er lærarutdanning, eller som i alle høve ikkje har det same kravet til orientering om lærarprofesjonen som lærarutdanninga. Vilkåra for å utvikle ein lærarutdanningsidentitet blir dermed mindre, og vilkåra for å halde på den opphavlege fagidentiteten blir større.

Den svarte boksen

Presentasjonane legg fram resultat som i alle fall eit stykke på veg er negative for allmennlærerutdanninga. Det gjeld dels om ein ser den i høve til andre tilsvarande profesjonsutdanningar, og dels om ein vurderer resultata i høve til forventa eller formulerte mål for lærarutdanninga. Vi får i alle fall stykkevis illustrert noko av det negative bildet som har blitt teikna av denne utdanninga andre stader, i evalueringar og anna forskning.

Det negative bildet er likevel ikkje like sterkt og like bastant som i mykje av den kritikken som har kome fram. Det er meir nyansert. Kompareringa med andre liknande utdanningar verkar til ein viss grad avdramatiserande på tilhøva, og det er til ettertanke. Fleire av utfordringane i lærarutdanninga deler den med mange andre liknande profesjonsutdanningar.

Det er langt meir eit allment fenomen at dei kortare profesjonsutdanningane med hovudbasis i høgskulesektoren har ein veg å gå før dei kan tilby ei yrkeskvalifisering som held dei måla som er sette. Det kjem sannsynlegvis av at desse utdanningane har hatt relativt dårlege vilkår for utvikling og for å skape sin eigenart. Det har mangla på vilje og ønske om endring somme stader, og fagideal som ikkje nødvendigvis har tent saka har fått dominere over profesjonsomsynet. Eit sentralt spørsmål er kor store skilnader det skal vere mellom allmennlærerutdanninga og andre utdanning før vi kan slå fast at allmennlærerutdanninga skil seg spesielt negativt ut? Eit anna spørsmål er om dei skilnadane forskinga registrerer er så store at dei får praktiske konsekvensar.

Likevel står vi att med ein kunnskap om at både studiestrategiar, læringsutbyttet, praksisopplæringa, teorigrunnlaget, indre samanheng, kompetanse og gjennomføring kunne ha vore annleis og betre. Alle presentasjonane har lagt vekt på å forklare inngåande kva resultatata går ut på, gjennom å bruke teoriar og omgrep i drøftingane. Det blir gitt innsyn i korleis det er i utdanninga, men i mindre grad kvifor det er slik. Det presentasjonane har større vanskar med, eller ikkje har gått så mykje inn på er å forklare kvifor nettopp desse resultatata kjem fram. Årsaksforklaringar er sjølvstøtt vanskelege og krev andre metodologiske tilnærmingar enn dei som er nytta, men dei er til sist avgjerande når ein skal nytte resultatet med tanke på endring. .

Til ein viss grad blir det vist til strukturelle forhold som gjeld utdanninga, og som eg allereie har vore inne på. Om vi ser til den internasjonale forskinga om lærarutdanning tyder den på at dei strukturelle vilkåra åleine ikkje er tilstrekkelege for å forklare korkje kvaliteten på utdanninga eller på den yrkeskompetansen den gir. Den viser at ingen bestemt måte å organisere utdanninga på gir systematisk best resultat. Strukturane kan ikkje åleine bestemme kvaliteten. Organiseringa gir rammer og handlingsrom, men bestemmer ikkje korkje innhaldet i eller funksjonen til utdanninga. Med det som bakgrunn kunne ein stille spørsmålet ved korleis det blir arbeidd innanfor dei strukturane som eksisterer for å få fram dei kvalitetane det er ønske om? Om det veit vi ganske lite, fordi det har ikkje vore prioritert å studere slike spørsmål i vårt land. Difor er det all grunn til å rope eit varsko til alle dei forslaga om tiltak i lærarutdanninga som har kome frå ulike politiske hald dei siste månadene. Dei er i liten grad prøvde, og går inn i tradisjonen om stor politisk iver til å detaljbestemme lærarutdanninga

Sett på spissen viser alle presentasjonane til den same "svarte boksen" som ei mogleg forklaring eller delforklaring på resultatane. Den "svarte boksen" eg talar om er prosessane i sjølve utdanninga, det ein der held på med, og ikkje held på med. Kva er det som går føre seg der, og som gjer at resultatet blir som det blir? Dei relativt få studiane vi har tilgang på om prosessane i allmennlærerutdanninga kan tyde på at dei kan forklare ein god del. Spørsmål vi har forskingsstudiar av er t.d. at undervisninga i stor grad er einvegs og relativt lite orientert om didaktiske og fagdidaktiske spørsmål. I praksisopplæringa blir det skapt negative haldningar til teorifeltet, og det er tendensar til det motsette i teoriundervisninga. Studiekulturen er svak, studieinnsatsen er relativt moderat. Sannsynlegvis er mykje av kvaliteten ved lærarutdanninga bestemt av langt meir vanskeleg tilgjengelege forhold, av korleis det blir arbeidd innanfor strukturane. Det tyder eit behov for ganske inngåande og grundige analysar.

I fleire av presentasjonane ligg det under, eller bli uttrykt eksplisitt at mykje av forklaringane på tilhøva har med dei forventningane som utdanninga sjølv skaper til studentane, og med den interne kulturen som eksisterer i utdanninga. Kva bilete får vi så av denne indre kulturen i dei presentasjonane som i dag er lagde fram? Eg vil trekkje fram eit par område knytt til eit overordna tema om kva omgrep som blir brukte om utdanninga.

Omgrepsbruken

Forskinga syner at det manglar samanheng og heilskap i allmennlærerstudiet. Det er fragmentert og lite konsistent. Sambandet mellom teori og praksis er svakt. Underforstått er den teoretiske kunnskapsbasen om profesjonen i lærarutdanninga svak, samtidig som akademiseringa er aukande. Desse resultatane blir ofte framheva som hovudforklaringar på problema i allmennlærerutdanninga, og det kan vel hende at det er slik. Likevel saknar eg i heile debatten om lærarutdanning grundigare, djupare og meir nyanserte analysar av nett desse to områda. Fragmentering og manglande konsistens kan vere uttrykk for at slik er verda der ute. At teori og praksis ikkje heng saman, kan vere eit uttrykk for at det er uråd å sameine desse to til ein einskap eller ein heilskap. At utdanninga er slik, kan difor vere ei god førebuing til eit komplekst og komplisert yrke. Motsett, studium som er prega av tett samanheng og god konsistens treng ikkje førebu på nokon god måte for yrket. Det kan tvert om vere ei idyllisering og harmonisering som skaper forvirring og frustrasjon i yrket.

Det kan også hende at yrke er ulike på desse områda, og at det å samanlikne utan å ta høgde for konteksten og særpreget kan bære gale av stad. Det kan difor aldri vere eit spørsmål om eit anten eller. Harald Grimen har lagt ein del av premissane for nokre av dei analysane som har vore presenterte. Han legg i ein artikkel om "Profesjon og kunnskap" (Grimen, H. 2008, i Molander, A. & Terum, L.I. (red): Profesjonsstudier. Oslo: Universitetsforlaget)) svært stor vekt på at kunnskapsgrunnlaget for profesjonane er samansett, at det er spenningar mellom praktisk og teoretisk innsikt og kunnskapar og at det er eit kontinuum mellom praktisk og teoretisk kunnskap. Det eg spør om er om ein i for stor grad og for ukritisk i analysane nyttar omgrep og tilnærmingar som gir overdrivne normative signal om kva som er ideelt, bra og målet. Som Steinar Stjernø har sagt: "Spenningen og motsetningsforholdet mellom teori og praksis må bearbeides - ikke forsøkes avskaffes." (Stjernø, S. 1996, Har profesjonsutdanningene felleskomponenter? i V. Bunkholdt m.fl. (red.), *Kunnskap og omsorg*. Oslo: Tano, s. 35.)

Den normative orienteringa i utdanninga må vere langt meir oppteken av korleis arbeide med desse spenningane, og ikkje gje inntrykket av at dei kan takast bort.

Til slutt

Den forskinga som er lagt fram her set både nye og kjende inntrykk og erfaringar frå lærarutdanninga i system, og underbyggjer dei med empiri, teori og analysar. Også det vi trur vi har visst, kan vi no vere tryggare på. Og det gjer ein stor skilnad. Det skaper ei heilt anna opning for fagleg debatt, enn det vi har hatt tidlegare. Difor er arrangement som dette svært viktige på lang sikt, både for kunnskapen om lærarutdanninga, og for det konkrete arbeidet med korleis gjere denne utdanninga best mogleg.